



Besl. O. nr. 7

(2003-2004)

Odelstingsbeslutning nr. 7

Jf. Innst. O. nr. 1 (2003-2004) og Ot.prp. nr. 102 (2002-2003)

År 2003 den 13. november holdtes Odelsting, hvor da ble gjort slikt

vedtak til lov

om statleg varekrigsforsikring

§ 1 Iverksetjing og avslutting av tilbod om statleg varekrigsforsikring

Kongen kan fastsetje at staten skal tilby varetransportforsikring mot krig, krigsfare eller ekstraordinære kriseforhold i Noreg eller utlandet («varekrigsforsikring») for så vidt det får følgjer for norske interesser og slike omstende kan hindre forsyning og varetransport dersom det private forsikringstilboden opphører, kan kome til å opphøye eller ikkje dekkjer ein slik situasjon.

Kongen kan avslutte tilboden om statleg varekrigsforsikring dersom dei vilkår som er fastlagde i første ledd ikkje lenger er til stades.

§ 2 Verkeområde

Staten kan tilby varetransportforsikring ved krig, krigsfare eller ekstraordinære kriseforhold av:

1. varer som blir sende til, frå eller innafor norsk område, og når det er norske interesser som blir dekte, også av varer som blir sende mellom stader i utlandet.
2. norske reiarar og tidsbefraktarar si frakt på reisebasis, befraktingskommisjon og havaripengar i risiko for norske forsikringstakrarar.

Kongen eller den han gir mynde kan fastsetje at også andre interesser kan bli dekte.

§ 3 Organisering

Ved iverksetjing av statleg varekrigsforsikring som fastlagt i § 1 kan Kongen bestemme at det blir oppretta eit styre med leiar og så mange medlemmer som departementet fastset. Styret skal ha ansvaret for den daglege leiinga og drifta av varekrigsforsikringsordninga. Det skal også vere eit eige sekretariat.

§ 4 Forskrifter

Kongen kan gi nærmere forskrifter om gjennomføring av denne lova.

§ 5 Oppheving av og endringar i andre lover

Lov av 3. desember 1948 nr. 8 om Statens varekrigsforsikring vert oppheva.

Forsikringsavtaler som er inngått etter lov av 3. desember 1948 nr. 8 om Statens varekrigsforsikring gjeld inntil dei blir terminerte og plikter etter forsikringsavtalene er gjort opp.

I lov av 17. juli 1953 nr. 2 om erstatning for kragskade på eigedom og interesser vert § 36 andre ledd nr. 4 oppheva.

§ 6 Iverksetjing

Lova tek til å gjelde frå den tid Kongen fastset.

Berit Brørby
president

Finn Martin Vallersnes
sekretær